



Ospeli burettslag

periode 2022-2023

www.ospeli.no

Infoskriv nr. 2- august 2022

Styremedlemmar 2022/23

Styreleiar:

Anders Wallacher Haukås

Styremedlemmar:

Lars Petter Holgersen (nestleiar)

Helge Johnny Salbu

Geir Angell

Hiam Al Falah

Varmedlemmar:

Janne Skarbø

Helge Bjørlo

Vi ber om at alle førespurnader til styret blir gjort per e-post til styret@ospeli.no. Vi svarar så fort vi kan, men vi ber om tålmod for saker som ikkje er hastesaker.

Søknadspliktig arbeid

Styret **skal** varslast før igangsetting av oppussingsarbeid som omfattar arbeid på «bærande konstruksjonar» dvs. tak, golv, ytterveggar, bærande inneveggar, i tillegg til rørsystem for vatn og avløp. Det same gjeld bygging av terrasse, installasjon av varme-pumpe etc. Er du i tvil om det er nødvendig å søke om det du har tenkt å gjere så kontakt

styret; styret@ospeli.no

Tømming av restavfall

Styret minner om at vår avtale med BIR er 13 tømningar av boss-konteinane i året. Kvar tømning utover det kostar burettslaget ca 40 kr. På siste rekning fakturerte BIR oss for 8300 kr ekstra.

Husk derfor å sortere vekk plast, papir, glass og metallembalasje, og sett ut bosskonteinaren berre når den er full. Det er heilt greitt å legge boss i andre sine konteinrar som ikkje er fulle.

Ekstraordinær generalforsamling

Vår avtale med TV og breibandleverandør har gått ut. Styret har henta inn tilbod frå to leverandørar (Telenor og Telia), og dei vil bli presentert på ei ekstraordinær generalforsamling seinare i haust.

Trappearbeidet i gang

Arbeidet med å sette istand igjen trappene i burettslaget er godt i gang, og dersom veret er med på lag så vil dette snart vere ferdig. Vi takk for tolmodet naboane har hatt.

Straumpris lading

Prisen for lading av bil er no rekna ut til å bli 1,88 kr pr kwt. Dette gjeld for perioden januar-juni 2022.

Dugnad

Alle som ønskjer å delta på dugnadsarbeid kan gi beskjed til styret. Aldersgrense er 13 år, men i samråd med føresatt.

BOB-appen

BOB jobbar med ei løysing som vil gjere det lettare for styret å kommunisere bebruarane i laget. Den nye tenesta vil innehalde både SMS, Epost og varsel i app. Vi oppfordrar derfor alle bebruarane som har smarttelefonar om å laste ned BOB-appen ved å nytte QR-kodane under. I appen vil de også finne

medlemskortet og medlemsfordelane dykkar.

Styret ber også alle bebruarar om å sjekke at BOB har registrert korrekt telefonnummer og epost-adresse slik at vi kan komme i kontakt med dykk når det er nødvendig. Dette kan gjerast i appen under «Mer» og så «Profil» eller ved å logge inn på BOB-sine medlemsider. Dersom du har problem med å logge inn så kan BOB hjelpe på telefon 55 54 74 00 eller på epost: medlem@bob.no

